

## Halvårsplan vinter-vår -99

Arrangement	Dato	Måned	Ansvarleg
Frelsesarmeen-konsert	17.	april	Terje
Arne Torskangerpoll-konsert	24.	april	Johan W. kallar saman
Gatespeling Måløy - kakelotteri	15.	mai	Lotteriansvarlig – leiar
17. mai	17.	mai	Styret
Korpstur	29. 30.	mai	Johan W.
Hagekonsert	11.	juni	Styret
Øvingshelg	11.12.13.	juni	Formann
Jonsokafta	23.	juni	Styret
Midstommarfest	19.	juli	Terje, Sølvi, Johanne

### Bli medlem og abonnent

Vil du vere passiv støttemedlem, og få denne avisa ein gong i månaden, ta kontakt med John Svarstad. Hugs å skriv namnet ditt på giroen. Prisen er 100 kroner fram til mars neste år. Sjølv om korpsdrifta pregar innhaldet, så er her plass til mykje anna i denne avisa.

### Vinnarar påskelotteri

- 1. Varer 500,-**  
Pus og Felix
- 2. Varer 250.-**  
Sofie, Siril og Mona
- 3. Varer 250,-**  
Ragnhild og Paul Loen
- 4. CD**  
Marianne Nydal
- 5 CD**  
Ivar Sandvik
- 6 CD**  
Svein Tungevang

Du kan alltid stole på på

# Canon

### Tipp og vinn

Kva år er Arne Torskangerpoll fødd?

Send svaret til:

**Vredens Gnag**

Vågsvåg  
6700 MÅLØY

### Rett svar sist

Kva fekk Arne Ø. servert på kafe i Stryn?  
Svar:  
Raspeballer med berggylte som stuing og saftsuppe ti

Vinnarar:  
Natalie og Erik Øvrelid Rogne  
Langevåg.  
Marte Jakobsen, Eid

NMmester - 99

# Vredens Gnag



Informasjonsavis for Torskangerpoll Musikklag

Nr. 4

6.. årgang

Laussal: Gratis

april 1999

## Fest for Arne



*Stor festkonsert for Arne Torskangerpoll i Samfunnshallen i samband med at han har slutta som dirigent etter femti års teneste. Her ser vi Arne i kjent stil.*

## Lørdag 24. april 1999 klokka 16.30

Med på konserten blir:

Torskangerpoll Musikklag, Måløy Musikklag, Måløy Songlag og Kvalheim Songlag. Møt opp på denne heilt spesielle konserten.

Etter konserten blir det fest for omlag hundre påmelde i alle aldrar i kafeteriaen i Samfunnshallen.

Tips Vredens Gnag TLF: 57 85 44 64 Fax 57 85 0872

E-mail: «erlingw@sf.telia.no»

Heimeside: <http://home.telia.no/t.poll/>

## For 25 år siden

Det hendte; for 25 år siden Torskangerpoll Musikklag la ut på sin lengste tur til da, til Leikanger i Sogn for å delta på fylkesmusikkstevne. Dette var en lang reise da, for vei og ferjeforbindelser var betydelig dårligere enn i dag. Laget spilte "O store Gud og "Langt bort om himmel blånar" i kirken, og på ettermiddagskonserten fantasi over "Gubben Noa". Måløybroen offisielt åpnet av kong Olav V.

## For 50 år siden

Det hendte for 50 år siden For første og siste gang 17. mai ble kappromgen på formiddagen avviklet i Torskangerpoll. Pinsemenighetens hus "Sion" ble innviet på vårparten. Holvikbroen ble åpnet, "alle"var der, men ikke kongen. Den årlige høstkampen i fotball mellom sør og nord for Skaret endte 3-3 til dei nord for Skaret.

## Spør Ivar

Jeg har hørt at torsk må koke i tre timer, er det lenge nok?

Svar: Nei, det er i minste laget. Den bør fosskoke i fire timer, deretter må du avkjøle den en del. Så slår du den opp i en pen krus og drikker den. Flatbrød (korni) med bondesmør på er godt til denne retten.

## Månedens portrett: Arne Torskangerpoll

**Navn:** Arne Torskangerpoll  
**Født:** 15/5- 1931  
**Bosted:** Torskangerpoll  
**Sivilstatus:** Gift med Aasta  
**Yrke:** Fisker  
**Favorittmat:** Pinnekjøtt  
**Hobby:** Musikk

I ganske nøyaktig 50 år har Arne meir eller mindre vore Mr. Torskangerpoll Musikklag personlig. Arne har levd for dette musikk og spesielt dette korpset meir enn nokon. Han starta å spele i korpset i 1945, først på

ess- seinere b-klarinet. Fire år seinare, i 1949, tok han over dirigentansvaret for korpset etter sin far, Isak Torskangerpoll, som i fleire tiår då hadde vore dirigent. Dei første åra som spelande dirigent. Så blei det snart bare dirigering. Men han la ikkje klarinetten på hylla av den grunn. Han var med i Måløy Musikklag i omtrent 15 år. Medan Arne var i militære spelte han ei tid i Tromsø Orkesterforenings Ungdomskorps (litt av eit navn forresten). I det korpset var det også fire kvinner som spelte, noko som ikkje var så vanleg på den tid. Etter at han kom heim lokka han på systera si Sigrid om at ho måtte bli med å spele, og fekk ho til slutt til å starte i korpset. Og ho blei den første kvinna i musikkorps i Nordfjord Musikkorps. Arne har ikkje hatt spesielle verv i styret, men som dirigent var han med i styret. Før det i 1965 blei skikkeleg orden med årsmøte og skikkeleg styre, var det Arne som måtte ta



seg av det meste. Arne har komponert eller arrangert omlag 500 større og mindre musikkstykker, og korpset har hatt dei fleste på repertoaret alle desse åra. Det første han komponerte var ein marsj, som naturlig nok fekk navnet "Debut-marsjen". Etter det blei det tre marsjer til pluss en trompetsolo "Trompetiana"; Så komponerte han eit stykke som heitte "Sommertoner" med under-tittel "Minner fra en fjelltur". Den spelte han og broren Ivar på ein amatørkonkurranse i Måløy, og den vann dei. Arne har vore fiskar i heile sitt liv. I sine yngre år veksle han mellom kystfiske og litt lenger til havs med Vågs-vågbåten Rubin, men dei siste 40 åra har han kun drive kystfiske. Arne er uhyre interessert i sport og føler godt med i kva som skjer på den fronten. Han var med i Hesten Skytterlag i den tid det laget eksisterte. På idrettsfronten elles var Arne ein føregangsmann i Vestre krets på mange måtar. Han var den fyrste som fekk seg fotballsko, og det same med lengdeløpsskøyter. Badminton var det han som innførte til bygdene her, vanskelig som det var å få tak i høne og racket ble det å bruke heimelaga utstyr. Men det ordna seg etter kvart, og mang ein hard kamp var det på veggen opp for huset der han har vakse opp og budd heile sitt liv. Ein annan idrett han var 30-35 år føre si tid var terrengsykling. Allereie i 1949 dreiv han denne idretten. I Norge forøvrig begynte man så smått å arrangere sykkelcross i 1982, og fyrste N.M. i terrengsykling var fyrst i 1995. Arne ville utvilsomt ha hevda seg i den idretten om det hadde vore løp då han var ung. Det var sykling i trapper som var han sin spesialitet. Arne har som kjent via fritida si for musikken, og lagt ned ein stor innsats for Torskangerpoll Musikklag. Når han no har trappa ned, kan han gjere det med godt samvet. Lørdag 24. april skal denne heidersmannen feirast med stor festkonsert i Samfunnshallen. Måtte du få mange gode år, og måtte vi drive korpset vidare i di entusiastiske ånd.